



Bergen og Os Sau og Geit

Årsmelding 2023

Styret i 2023 har vore:

Leiar	Olaug Hove Hitland
Nestleiar	Marius Kippersund Gustavsen
Sekretær/kasserar	Nils Inge Hitland
Styremedlem	Kristin Semb Gjerde
Styremedlem	Ingunn Nævdal
1 varamedlem	Sveinung Hitland
2 varamedlem	Simen Skjoldal Vik

Det er gjennomført sju styremøter på teams.

Valnemd: Jarle Borge, Harald Lekven og Erik Krohn-Hansen

Aktivitetar

Årsmøtet 26. januar på FK-Kokstad. Gjetarhund - god hjelp i sauehaldet v/Marianne Byrkjeland. Veterinærvakta, status i vårt område v/leiar i Bergen Bondelag Eivind Myrdal og veterinær Per Inge Wetteland. 24 medlemmer deltok.

Leiar og sekretær har delteke på årsmøte i HSG på Sandsli 24-25. februar.

Fjølsmøte 7. mars hjå Kjell-Idar Lekven på Os. 21 deltok. Tema forberedelse til lamming v/Kristin Semb Gjerde.

Gjetarhundsamling på Osterøy 19. mars i lag med dei andre lokallaga i vår region.

Gjennomført ullinnsamling vårull til Fatland og Nortura i mai.

Arrangerte karingssjå i samarbeid med dei andre lokallaga i vår region på Askøy 1. oktober. Det var mange innoom arrangementet som vart gjennomført i strålande haustsol.

Arrangerte slaktekurs i lag med dei andre lokallaga i vår region på Sotra 18. oktober og Osterøy 19. oktober.

Starta opp prosjektet «Kjøtt i skole» med Stian Espedal og Frode Hetland frå Nortura som parterte eit lam og orienterte om sauehald for ein av fire niendeklassar på Mjølkeråen Skole 19. oktober.

Leiar og sekretær har delteke på leiarmøte i HSG på Flesland 27-28. oktober.

Arrangerte kurs i ullhandtering i lag med Sotra Sau og Geit på Stend 30. oktober.

Arrangerte tur til Hillesvåg Ullvarefabrikk 14. november.

Gjennomført ullinnsamling høstull til Fatland og Nortura i desember.

Sekretær delteke på regionsmøte 4. januar i lag med Sotra-, Askøy- og Osterøy Sau og Geit.

Medlemmer

Laget har hatt 58 medlemmer i 2023.

På vegne av styret
Olaug Hove Hitland